

HAREID KOMMUNE

Sektor for læring og kultur

LOKAL FORSKRIFT FOR SKULFRITIDSORDNINGANE (SFO) VED SKULANE I HAREID KOMMUNE

Heimel: Fastsett av kommunestyret [dato] med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskuleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) 5 4-5 femte ledd.

§1 EIGARFORHOLD

Hareid kommune eig og driv skulefritidsordningane i kommunen. Levekårsutvalet er ansvarleg politisk styringsorgan. Skulefritidsordninga i kommunen er administrert av kommunalsjef for læring og kultur. Rektor er administrativ og fagleg leiar for ordninga ved sin skule.

§2 FORMÅL

SFO skal legge til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna, og gi barna omsorg og tilsyn, jf. Opplæringslova 5 4-5. Rammeplan for SFO har status som forskrift med heimel i Opplæringslova 5 4-5. Opplæringslova sitt kapittel 12 om elevane sitt skulemiljø, gjeld også for SFO.

SFO er eit frivillig tilbod i fritida til elevane. Det skal i samarbeid med heimen bidra til trivsel og glede i sjølvvalt leik og tilrettelagte aktivitetar. Det beste for barnet skal alltid vere grunnleggande.

§3 BEMANNING

Rektor kan utpeike ein koordinator av SFO-ordninga ved sin skule. Vaksentettleiken er tilpassa barnegruppa og består av SFO-koordinator, fagarbeidarar og assistentar. Norma er 15 barn per voksen. Tilsette knytt til barn med særskilte behov kan kome i tillegg til norm.

Ved tilsetting blir det lagt vekt på kompetanse, søkjarar med fagbrev og personleg eignaheit blir prioritert. Det blir kravd politiattest ved tilsetting, jf. 517-11 i Opplæringslova. Tilsette ved SFO har teieplikt etter Forvaltningslova 5 13.

§4 LEIKE- OG OPPHALDSAREAL

SFO disponerer ute- og inne arealet ved den einskilde skulen. Lokala skal vere tilpassa den aktiviteten som vert driven. Vedteke areal ved SFO i Hareid kommune er på 3 m² per barn.

§5 ORDINÆR OPNINGSTID

SFO i Hareid kommune har ordinær opningstid før og etter skuletid for 1.-4. trinn, og for barn med særlege behov på 5.-7. trinn. Opningstida er frå kl. 08-16, måndag til fredag.

Tilbodet følgjer skuleåret og skuleruta, frå midten av august til midten av juni. Hareid kommune har ikkje skulefritidsordning i feriane, elevfrie dagar eller andre dagar der skulen ikkje har ordinær undervisning.

Opningstida kan bli ytterlegare redusert dersom ikkje tilstrekkeleg mange barn har behov for at tilbodet er ope. Dette blir kartlagt på skjemaet «avtale mellom heimen og SFO» ved den einskilde SFO-eininga. Når det, av ulike grunnar, er behov for sfo-tid utover opningstida, kan føresette gjere

HAREID KOMMUNE

Sektor for læring og kultur

avtale med skulen om dette, til ein timepris pr. påbegynt time som vert fastsett årleg i vedlegg til handlings- og økonomiplan.

§6 OPPTAK

Du søker om SFO-plass i foreldreportalen til Vigilo. Gå inn på www.vigilo.no Vel barnet du skal søke for - søknader - ny søknad, og vel søknad om SFO-plass. Finn ønskt plasstype i menyen. Det er rektor ved skulen/eininga som har opptaksmynde.

Kommunen har eit hovudopptak til ordinært SFO-tilbod med søknadsfrist 15. April. Ved søknad om plass utanom årleg søknadsfrist, må skulen ta omsyn til bemanning og eventuelt andre ting før barnet får tilbod om plass.

Prioritet ved opptak er:

- Elevar frå 1. - 3. trinn
- Elevar med særskilte behov 3.-7. trinn
- Elevar frå 4. trinn

Plass i SFO gjeld frå tildeling fram til og med 4. steget, eller til plassen vert sagt opp av føresette eller kommunen.

Ved søknad kan ein velje mellom to (2) plass tilbod :

- Heil plass, 24 timar per veke
- Delt plass, 12 timar per veke

Alle barn på 1.-3.trinn har tilbod om 12 timar gratis SFO per veke, uavhengig av kva SFO-tilbod ein har søkt på (12 eller 24 timar). Dette blir trekt frå på brukarbetalinga om ein har 24 timar per veke. Merk at 12-timars tilbodet berre kan nyttast etter skuletid.

Dei som har 24 timar per veke (og/eller ikkje har gratisplass), kan disponere timetalet fritt innan den ordinære opningstida. Føresette til kvart barn må levere inn ei oversikt over planlagt bruk av SFOtida, for heile eller deler av skuleåret. Bemanninga blir tilpassa dette. Endringar må meldast til SFO.

Om det er færre enn seks born som søker om SFO-plass, vil det ikkje bli gitt tilbod om SFO på skulen.

§7 OPPSEIING AV PLASS/ENDRING AV PLASS

Om du skal endre eller seie opp SFO-plassen, går du inn på foreldreportalen til www.vigilo.no (web)

Vel barnet det gjeld, klikk på søknader i menyen, endre plass eller oppsigelse av SFO, sluttdato for gammal plass og startdato for ny plass, eller ønskt sluttdato.

Det er ein månads oppseiingstid på både endring av plass og oppseiing av plass. Oppseiinga gjeld frå første heile månad etter endringssøknad/oppseiing.

HAREID KOMMUNE

Sektor for læring og kultur

Dersom plassen vert sagt opp etter 31. mars, må ein betale ut skuleåret. Blir SFO-plassen blir sagt opp i juli, blir det sett krav om betaling for august (1/2 månadsbetaling).

§8 BRUKARBETALING

Ordinært SFO-tilbod:

Satsane for foreldrebetaling vert fastsette av Hareid kommune for kvart budsjettår. Det kan bli prisjusteringar frå 1. januar eller 1. august. Matpengar kjem i tillegg til betalings-satsen for begge tilboda. Også elevar med særskilde behov frå 5.-7. klasse, som har rett på gratis sfo, må betale matpengar.

Ordinær brukarbetaling er fordelt slik at den dekker frå skulestart i midten av august til siste skuledag i midten av juni. Det vert fakturert for halv månad i august, heil månad september-mai og halv månad i juni. Det er betaling i etterkant, dvs. faktura for august kjem i september, faktura for september i oktober etc. Om de ikkje har motteke faktura 1 månad etter opp start på SFO, så ta kontakt med skulen og meld frå om det.

Om ein hentar etter stengetid/utover sine timar, blir ein belasta for påbegynt time ut frå gjeldande satsar.

Moderasjon:

Det blir gitt søskenmoderasjon: 30 prosent for barn nummer 2 og 50 prosent for barn nummer 3 osv. Moderasjonen blir gitt på billegaste plass. Familiar til barn på 1.-4. trinn med låg inntekt kan søke om redusert pris på SFO. Ingen familie skal betale meir enn 6 prosent av brutto årsinntekt for ein plass i SFO. Familiar med barn med særskilte behov på 5.-7. trinn har rett på gratis SFO. Familiar med barn på 1.- 3. trinn får dekt 12 timar per veke med SFO. Dette blir trekt frå på fakturaen. Søknad om redusert foreldrebetaling skal sendast gjennom nettportalen til Vigilo www.vigilo.no

Andre opplysningar:

Ved tildeling av plass ved SFO må uteståande beløp for tidlegare opphald i barnehage/SFO vere betalt før barnet kan ta til ved SFO. Ved manglande betaling, misser barnet plassen sin ved SFO. Kommunen gir varsel om dette seinast ein (1) månad på førehand. Oppseiinga gjeld frå den 1. i månaden etter, og oppseiingstida er ein (1) månad.

§9 ÅRSPLAN

Ved kvar SFO eining skal det utarbeidast ein skriftleg årsplan for innhald og organisering av SFO. Denne skal vere i tråd med rammeplan for SFO og den overordna kommunale kvalitetsplanen. Skulen sitt verdisyn gjeld også for SFO.

§10 ANSVAR

SFO har ansvaret for elevane i opphaldstida. SFO har dermed ikkje ansvar for elevane etter det tidspunkt dei har skriftleg avtale om å forlate ordninga. Dersom eleven forlét SFO-ordninga for å delta på anna aktivitet i SFO-tida, har ikkje SFO ansvar for eleven, sjølv om eleven har plass på SFO i det aktuelle tidsrommet. Det er foreldra sitt ansvar å bringe og hente eleven til SFO.

HAREID KOMMUNE

Sektor for læring og kultur

§11 TEIEPLIKT

Dei tilsette har teieplikt og plikt til å opplyse etter same reglar som gjeld for tilsette i skulen, jf. Forvaltningslova 513 og Opplæringslova 524-3.

§12 POLITIATTEST

For tilsetting gjeld krava om politiattest etter reglane i Opplæringslova 517-11.

§13 VEDTEKTSENDRING

Endringar i vedtektene skal leggast fram for Levekårsutvalet. Prinsipielle og vesentlege endringar skal handsamast av kommunestyret. Vedtektsendringar krev vanleg fleirtal.

§14 IVERKSETTING

Vedtektene er gjeldande frå 01.03.2025.